



Helsefelleskap Møre og Romsdal

Innkalling og saksliste Lokalt samarbeidsutval (LSU) Volda sjukehusområde møte nr. 5/2023 – Fredag 17. november

| Organisasjon | Navn og stilling | Funksjon | Møtt 17/11 |
|--|---|----------------------------------|------------------|
| Helse Møre og Romsdal | Mona Ryste, Rådgivar Klinikk Volda sjukehus | Representant og nestleiar LSU | x |
| Helse Møre og Romsdal | Palma Hånes Klinikkseier Klinikk Volda sjukehus | Representant | x |
| Helse Møre og Romsdal | Janne Håskjold Seksjonsleiar, Klinikk for kreft og rehab. | Representant | x |
| Helse Møre og Romsdal | Kari Standal Seksjonsleiar, Klinikk for psykisk helse og rus | Representant | x |
| Helse Møre og Romsdal | Hallgrim Myklebust Seksjonsleiar DPS | Representant | Meldt fråfall |
| Hareid kommune | Ottar Røyset Kommunalsjef | Representant og leiar LSU | x |
| Herøy kommune | Gro-Anette Frøystad Voldsund Kommunalsjef | Representant | x |
| Sande kommune | Jørn Velle Moldskred Helse- og omsorgssjef | Representant | x |
| Ulstein kommune | Kristin Vik Kommunalsjef | Representant | x |
| Vanylven kommune | Cecilie L. Oppedal Kommuneoverlege | Representant | x |
| Volda kommune | Svein Berg-Rusten Kommunalsjef | Representant | x |
| Ørsta kommune | Audhild Mork Kommunalsjef | Representant | Meldt fråfall |
| Fastlege/ Praksis- konsulentordninga | Håvard Ramsli, fastlege Herøy og Praksiskonsulent (HMR) | Representant | x |
| Fastlege/ Praksis- konsulentordninga vara | Stian Endresen, fastlege Ulstein og Praksiskonsulent (HMR) | Vararepresentant | - |
| Brukarrepresentant kommune | Eilin Reinaas Norges Handikapforbund (NHF) | Representant | x |
| Brukarrepresentant HMR | Janne Remøy Endresen SAFO/NFU | Representant | Meldt fråfall |
| Brukarrepresentant kommune vara | Lisbeth Bjørneset Myklebust (LHL) | Vararepresentant | - |
| Brukarrepresentant HMR vara | Lisbeth Helene Svendsen | Vararepresentant | x |
| Sekretariat kommunar Søre Sunnmøre | Oddvar Marøy Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre | Sekretariat | x |
| Sekretariat Helse Møre og Romsdal (HMR) | Sissel Ørstavik Aase Rådgivar lærings- og meistringsenteret, HMR | Sekretariat | x |

Andre tilstades: Siv Jensen – kvalitetsrådgivar Klinikk Volda, Tomas Kleinrath -
seksjonsoverlege røntgen Volda.

| Utvalg | Lokalt samarbeidsutval Volda |
|--------------|--|
| Møtenummer | Møte nr. 5 /2023 |
| Dato og stad | Fredag 17. november 2023 kl. 10 - 1430, Volda sjukehus |
| Møteleiar | Ottar Røyset |
| Referent | Oddvar Marøy/ Sissel Ørstavik Aase |

Saksliste:

| Saksnr. | Emne | Saksbehandlar/ ansvarlig |
|---------|--|---|
| 41/23 | Velkommen til møte i Lokalt samarbeidsutval Volda sjukehusområde. - Kort presentasjonsrunde - Innkallinga vart godkjent, det var ingen saker til eventuelt. | Leiar LSU Volda Ottar Røyset |
| 42/23 | Godkjenning av referat frå møte nr. 4/2023 i LSU Volda sjukehusområde (15. september 2023 – Vanylven) Referat frå førre LSU-møte godkjent utan merknad. Referata lesast på nettsidene til Helsefellesskap/LSU Volda | Leiar LSU Volda Ottar Røyset |
| 43/23 | Gjensidig orientering frå kommunar og helseføretak Kort info frå sjustjerna samt kvar enkelt kommune presenterer kva som rører seg (fokusområder, utfordringar og resultat) i kvar enkelt kommune, sjå vedlagt presentasjon. Samhandlinga er og bør vere prega av respekt og tillit. Klinikk Volda: Informasjon om nytt rtg.tilbygg og utstyr (ny MR, seinare også ny CT) ved Tomas Kleinrath (presentasjon vedlagt). Palma Hånes informerer om mellom anna ny direktør i HMR Olav Lødemel, ny kvalitetsrådgivar ved klinikk Volda Siv Jensen, gjennomført beredskapsøving (massetilstrøyming) ved sjukehuset samt info om desentralisert spl./vernepleieutdanning (presentasjon vedlagt). | Ved Klinikksjef Volda sjukehus Palma Hånes og leiar i Sjustjerna helse og omsorg Gro-Anette Frøystad Voldsund + repr. frå alle kommunane |
| 35/23 | Drøftingssak gjensidig hospitering Gjensidig hospitering mellom kommunane og sjukehuset. Det er tidlegare utarbeida forslag til gjennomføring og evaluering av hospiteringsordninga (vedlegg <i>Framlegg til rutinar for gjensidig hospitering</i>). Diskusjon rundt moglege hospiteringsløyisingar, ønske om oppstart pilotprosjekt vår 2024. Diskusjon rundt finansiering av ordninga; ønske å søke Statsforvaltar igjen om midlar (2024). Innspel om at ein uansett i den skala det er tenkt klarer å gjennomføre ordninga utan ekstern finansiering. <i>Oppfølging:</i> Arbeidsutvalet i LSU ved Oddvar Marøy, Ottar Røyset og Siv Jensen (for Mona Ryste som går av med pensjon) jobbar vidare med saka i LSU. Saka skal takast opp på komande møte i Sjustjerna der kommunane må framskaffe ein koordinator per kommune som i samarbeid med kvalitetsrådgivar/ansvarlig for koordineringa ved Volda sjukehus Siv Jensen, jobbar vidare med ordninga. Tilleggsinformasjon jf. eksisterande hospiteringsordning for fastlegar (dagshospitering): Fastlegar og andre tilvisarar - Helse Møre og Romsdal (helse-mr.no) | Mona Ryste og Ottar Røyset, Oddvar Marøy |

| | | |
|-------|--|---------------------------------|
| 44/23 | <p>Retningsline for innmelding av saker til Helsefelleskapet Oppfølgingssak. Viser til referat SSU møte nr 4/23 og vedlegg sak 25/23 om Retningsline og mal for innmelding av saker til SSU på SSU sine nettsider.</p> <p>Drøfting av retningslina med innspel/tilbakemeldingar frå LSU Volda, stikkord:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Viktig å vurdere om saker i LSU også bør vidare i SSU (td. avvikssak/forbetringssak har vore diskutert), viktig med synleggjering av retningslinesaka og diskusjon rundt kva som er ei «LSU-sak» og kva som er ei «SSU-sak» - ikkje alltid klare skilje. - Viktig å kunne finne meldeskjemaet enkelt - Ein meiner at det kan vere nyttig å ha ein mal, men ønske om at skjemaet vert enklare - Det må vere mulig å ikkje ha utfyllande svar på alle punkta i skjema - Fungerer greitt å bruke samhandlingskoordinator som inngangsport for saker vidare på vegne av kommunane og kvalitetsrådgivar/klinikkjef på vegne av klinikken. - Set også spørsmål ved om innbyggjarar/politikarar skal ha mulighet for å melde saker? <p><i>Vedtak: Representantane i SSU frå LSU Volda (leiar og nestleiar) får mandat til å vidareformidle drøftinga i LSU Volda i SSU-møte 22/11.</i></p> | Oddvar Marøy |
| 45/23 | <p>Drøftingssak Digitale helsetenester Følgje opp vedtak frå SSU-møte sak 27/23 med tittel IKT-løysingar og digitalisering: Kva skjer i kommunar og helseføretak - kva kan og bør ein samarbeide om og helsefelleskapet si rolle?</p> <p>SSU ber dei fire LSU'ane vurdere om ein har riktig bruk av digitale konsultasjonar, velferdsteknologi og digital heimeoppfølging. Kva kan og bør ein samarbeide om og helsefelleskapet si rolle?</p> <p>Diskusjon rundt dette baserer seg på at det er usikkert kva ein blir bedt om å kartlegge. BUP deler litt om deira bruk av digitale verktøy, mål om 30 % digitale konsultasjonar i HMR, kommunane er ikkje rigga for dette. Viktig med samarbeid og informasjon om innkjøp/andbod for å lære av kvarandre. Alle har eit potensiale til å fokusere på digitalisering trass i at ein er på ulike stadier. Dersom SSU treng konkret informasjon rundt velferdsteknologi, digitale konsultasjonar i kommunane må ein innhente konkret informasjon frå kva enkelt kommune. Vedr. digital heimeoppfølging sjå neste sak. DHO er eit konkret tiltak frå LSU Volda sitt nedslagsområde. <i>Ottar Røyset tek med seg informasjon frå diskusjonen inn i komande SSU-møte 22/11.</i></p> | Ottar Røyset og Oddvar Marøy |
| 46/23 | <p>Orientering om Digital heimeoppfølging (DHO) Per i dag er alle kommunane på Søre Sunnmøre med i prosjektet utanom Vanylven og Hareid, i samarbeid med legevakta og Volda sjukehus. Er no så vidt i gang med pilotpasientar (i diagnosegruppene diabetes, hjertesvikt og kols). Ein har midlar ut 2024. Også diskusjon rundt pårørande og moglegheiter for korleis pårørande kan vere til hjelp for ikkje-digitale pasientar.</p> | Mona Ryste og Svein Berg-Rusten |

| | | |
|-------|---|---------------------------------|
| 47/23 | <p>Avvik/utskrivingsklare pasientar</p> <p>Diskusjon rundt forbetningsarbeid og god samhandling rundt avvik og utskrivingsklare pasientar. Det vert meldt for få avvik i forhold til realiteten og ein set spørsmål ved om systemet er for tungvidt. Det er også utfordrande at kommunane ikkje har likeverdig tilgang til avvika/rapportar i Altinn-løysinga. Ønsker sak om avvikssystemet løfta opp i SSU. Siv Jensen ønsker også å sjå nærare på systemet i EQS jf. forbetring.</p> | Ottar Røyset |
| 48/23 | <p>Møteplan for 2024</p> <p>Dette er datoar for dei foreløpige fire LSU-møte Volda sjukehusområde i 2024:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fredag 16. februar i Herøy kommune (Myrvåg) • Fredag 7. juni v/ Volda sjukehus • Fredag 6. september i Sande kommune • Fredag 22. november v/ Volda sjukehus <p>Eiga innkalling til møta kjem.</p> <p>- Vurdere behov for å invitere inn fagpersonar/tverrgående klinikkar i våre møte framover? Samle alle LSU ein gong i året for å inspirere kvarandre?</p> | Leiar LSU Volda Ottar Røyset |
| 49/23 | <p>Eventuelt</p> <p>Ingen saker til eventuelt.</p> | Leiar LSU Volda Ottar Røyset |